



Arkivnr: 2016/943-8

Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		02.06.2016
Fylkesutvalet		23.06.2016

Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Teknisk/økonomisk forprosjekt for nytt ferjestø på Djupavikneset

Samandrag

I samband med fylkesutvalet si behandling av moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland 27. august 2015, vart det bedt om å gå i dialog med Stord og Kvinnherad kommune om innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad. Etter ein dialog mellom fylkesordførar og dei to ordførarane, er det kome fram eit forslag om eit teknisk/økonomisk forprosjekt for eit nytt ferjestø på Djupavikneset. Det skal også sjåast på vegen over Halsnøy. Kommunestyra i begge kommunane slutta seg til dette i møter 28. april.

Forprosjektet tek sikte på først og fremst å avklare om Djupavikneset i det heile tatt er ei aktuell løysing. Målet er å slutføre arbeidet i løpet av 2016. Det er føreslått ein politisk referansegruppe for prosjektet

Eit raskare og betre samband mellom Stord og Kvinnherad er ei viktig regional sak for å styrkje Sunnhordlandsregionen, og for å gi eit betre driftskonsept på ferjestrekninga og for å gi Kvinnherad ei betre tilknytning til E39. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen tek ansvar for dette planarbeidet.

Forslag til innstilling

1. Det vert starta opp eit teknisk/økonomisk forprosjekt for ferjeleie på Djupavikneset i Stord kommune.
2. Hordaland fylkeskommune oppnemnar som leiar og som medlem til politisk referansegruppe for arbeidet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.05.2016

Som eit ledd i fylkeskommunen sitt arbeid opp mot statleg planlegging for E39, fekk fylkeskommunen utarbeida ein moglegheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknytning til ny E39 mellom Bergen og fylkesgrensa til Rogaland. I denne studien vart ulike alternativ for lokalisering av ferjestø på sambandet mellom Stord og Kvinnherad vurderte. Det vart vurdert 14 ulike sambandskombinasjonar for ferjesambandet. Moglegheitsstudiet vart handsama i fylkesutvalet 27. august 2015, og det vart gjort slikt vedtak:

Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan løysast.

Sambandet mellom Stord og Kvinnherad går mellom Skjersholmane og Ranavik. Overfartstida er 43 minuttar. Sambandet hadde i 2015 ein gjennomsnittleg årsdøgnstrafikk (ÅDT) på 640 bilar.

Tidlegare handsaming

Gjennom brev frå Statens vegvesen datert 7. februar 2003 vart ferjeleie på Stord-sida av ferjeleiet flytta frå Leirvik til Skjersholmane. Dette hadde samanheng med at det vart sett inn større ferjer på sambandet. Vedtaket vart påklaga av Stord og Kvinnherad kommunar, og også Hordaland fylkeskommune uttala seg negativt til vedtaket (fuv-sak 62/03). Samferdselsdepartementet opprettheldt Statens Vegvesen sitt vedtak i brev av 23. april 2003, men opna for vurdering av ny ferjekailøysing for å oppnå eit kortare ferjesamband.

I handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006 - 2015 heiter det at "det er ikkje funne midlar til denne kaien i denne planperioden, men vi reknar med at prosjektet vert teke opp når vi skal revidera handlingsprogrammet for neste planperiode."

I 2009 vart framlegg til kommuneplan og konsekvensutgreiing for lokalisering av ferjeleie på Stord sida i ferjesambandet Stord—Kvinnherad lagt fram til offentleg ettersyn. Under handsaming av planen ønska Stord kommune at det skulle utgreiast eit nytt alternativ 1 med ei ny plassering av både kai og tilkopling av kaia og ei alternativ tilkopling til E39. Statens Vegvesen kom med ei tilleggsutgreiing desember 2011, for ein lokalitet kalla Djupavikneset, som ligg sør i Leirvik. Det utgreidde alternativet omfatta ny ferjestø samt tilkomstveg hovudsakleg i tunnell mot Vabakken ved kryss med E39. Kostnadene vart den gong (2008-kroner) kostnadsrekna til 397 mill kr, der i overkant av 50 % av desse kostnadene ville vore tunellkostnader.

I eit høyringsvar til planen gikk Hordaland fylkeskommune, Kvinnherad kommune og Statens vegvesen inn for alternativet Kvernaneset, som ligg nord for Rommetveit.



Kommunestyret på Stord gjorde m.a. slikt vedtak 19.12.2013 i sak om Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord: (PS 95/13):

1. «Kommunestyret vedtek å avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjærsholmane inn til vidare vert oppretthalden som ferjeleie på Stordsida.

Prosess

Etter dialog mellom ordførarane i Stord og Kvinnherad og fylkesordførar, vart det framsett ønskje frå dei to ordførarane om eit regionalt planarbeid om innkorting av ferjesambandet mellom dei to kommunane. På bakgrunn av dette sendte fylkesordførar eit brev datert 15. februar 2016 der dei to kommunestyra vart beden om å handsame framlegg til opplegg for eit regionalt planarbeid med grunnlag i Plan- og bygningslova § 8-1 for framtidig ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad.

Formannskapet på Stord gjorde slik innstilling til kommunestyret 13. april 2016:

Kommunestyret vil understreka at Kvernaneset/Buneset og tilgrensande områder framleis er verdifulle LNF-områder, og kommunestyret anser desse som uaktuelle for eit evt. nytt ferjestø.

Det var på dette grunnlag funne fram til at det ikkje var grunnlag for å gå vidare med framlegget om regional plan. Etter ei vidare dialog med dei to ordførarane vart det sendt ut eit framlegg til eit teknisk/økonomisk forprosjekt for ferjestø på Djupavikneset. Kommunestyra i dei to kommunane slutta seg til dette 28. april 2016.

Innhold i forprosjekt

Forprosjekt tek utgangspunkt i at det er mogleg å byggje ut over to trinn.

- Trinn 1: Etablere eit nytt ferjestø på Djupavikneset med utbetring av dagens vegsystem med gang- og sykkeltiltak inn mot Leirvik sentrum. Tilførsel til og frå ferjestøet vil gå langs noverande vegsystem gjennom Leirvik sentrum. Vidare leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.
- Trinn 2. Etablere ei tunnelloysing frå ferjestø utanom Leirvik sentrum mot noverande E39.

Parallelt med dette blir det lagt opp å utgreie mulegheit for utbetring av flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på FV 544 over Halsnøy fram til ferjeleiet på Ranavik. Om naudsynt også oppgradering av ferjestøet for å leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.

Forprosjektet må gi ei grov skisse på muleg løysing med sikte på å avklare om det er realistisk med ferjestø på Djupavikneset med ei utbygging i to trinn. Det er i denne samanheng viktig å vurdere mulege motsegn mot planframlegg eller om prosjektet er urealistisk av økonomiske eller av andre grunner. Viktige utgreiingstema i forprosjektet vil vere:

- Vurdere om det vil vere behov for endring av dei premissane som er lagt for vegløyising og for storleik på ferjestø ved Djupavikneset i nemnte tilleggsutgreiing av FV 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Det må vurderast om det er mogleg med andre vegløyisingar i trinn 2 til ferjestø enn lang tunnell frå Vabakken.
- Avklare belastinga på dagens vegnett i Leirvik, og avklare på overordna nivå behov for tiltak på vegnettet.
- Kalkulere innspart reisetid og utarbeide trafikkprognosar for ferjesambandet og for omliggjande vegnett.
- Vurdere framtidig driftskonsept på ferjesambandet, under dette kor mange ferjer, storleik på ferjer, fart og miljøkrav.
- Avklare om det er andre forhold knytt til t.d. natur- og miljøverdiar (ikkje prissette konsekvensar) som tilseier at det kan vere vanskeleg å gjennomføre tiltaket.
- Oppdatere kostnadsanslaga for nytt ferjestø og for tunnell basert på Anslag-metoden innafor ei usikkerheit som er vanleg på kommunedelplannivå.
- Gi ei skisse på finansiering av sambandet
- Gi ei skisse til framdriftsplan for utbygging.

Hordaland fylkeskommune vil i samarbeide med Statens Vegvesen kunne ta ansvar for å gjennomføre forprosjektet i nært samarbeid med Stord og Kvinnherad kommunar. Fylkesmannen i Hordaland må også konsulterast i arbeidet.

Vidare prosess

Forprosjektet må munne ut i eit notat som konkluderer om det er grunnlag for å gå vidare med reguleringsplan for nytt ferjestø på Djupavikneset og på FV 544 over Halsnøy.

Dersom det er aktuelt å gå vidare med ei løysing på Djupavikneset vil Statens Vegvesen i samarbeid med Stord kommune setje i gang eit arbeid med reguleringsplanlegging for Djupavikneset og for veg inn mot Leirvik sentrum. Tilsvarende kan det eventuelt setjast i gang arbeid med reguleringsplan for FV 544 over Halsnøy.

Finansiering, framdrift og organisering

Eit nytt ferjestø med tilførselsvegar må hovudsakleg skje ved brukarbetaling eventuelt supplert med anna lokal finansiering. Finansieringsløysinga må inngå som del av Stordpakka og Kvinnheradpakka, og det er aktuelt med påslag i ferjetakst. Fylkeskommunen vil også kunne bidra i ei finansieringsløysing gjennom strekningsvise midlar.

For å sikre politisk forankring, er det føreslått å etablere ei politisk referansegruppe for arbeidet med ein representant for posisjon og ein frå opposisjon frå kvar av kommunane og frå Hordaland fylkeskommune.

Stord kommune: Harry Herstad (Ap) og Geir Angeltveit (V).

Kvinnherad kommune: Peder Sjo Slettebø (H) og Hilde Enstad (Ap).

Forprosjektet kan starte opp før sommaren 2016, og fylkesrådmannen tek sikte på å ferdigstille forprosjektet i løpet av 2016.

Fylkesrådmannen si vurdering

Eit raskare og betre samband mellom Stord og Kvinnherad er ei viktig regional sak for å styrkje Sunnhordlandsregionen, og for å gi eit betre driftskonsept på ferjestrekninga og for å gi Kvinnherad ei betre tilknytning til E39. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen tek ansvar for dette planarbeidet. Det er vidare at det er viktig at fylkeskommunen tar på seg eit regionalt leiaransvar når kommunane ber om dette.

Det er fleire utfordringar ved om det faktisk lar seg gjere å byggje ny ferjestø ved Djupavikneset. Konsekvensane av økt trafikk gjennom Leirvik sentrum og vidare mot Djupavikneset må avklarast. Fylkesrådmannen vil freiste å avklare om det kan kome motsegn mot denne løysinga. Vidare vil ei tunnelloysing bli dyr, og finansiering må avklarast. Forprosjektet tek sikte på først og fremst å avklare om Djupavikneset er ei aktuell løysing.